



Thyra og Matilde var svært fonøgne etter to kveldar som frivillige under Festidalen

Sjølvsagt om dei aller fleste frivillige under Festidalen er frå Kvinnherad, er det kvart år ein del tilreisande som gjer ein viktig innsats. Nokre har vore faste i år etter år. Blant dei nye i år var ein trio frå Haugesund. Mari Anne Feet som budde i Uskedalen til ho var 10 år, hadde med seg dotterar Thyra(17) og venninna hennar Matilde(17).



Mari Anne likte seg på Festidalen og garanterer at ho kjem tilbake neste år.

Dei tre var på helgetur til Uskedalen tidlegare i år.

- Då les vi om Festidalen. Vi blei einige om at dette kunne bli kjempekjekt, både fordi Thyra og eg har tilknytning til dalen, og at Thyra si gode skulevenninne Matilde Bauer-Nilsen Eidsvåg hadde veldig lyst å bli med, fortel Mari Anne om opptakten til at dei melde seg som frivillige.

Dei var ikkje berre frivillige eine kvelden slik det ofte er. Alle 3 hadde frivilligoppgåver både fredag og laurdag. Dei hadde same oppgåva begge kveldane. Mari Anne var ein del av bargruppa, medan dei to jentene som er under 18 år og elevar ved idrettslinja på Kopervik vidaregåande, styrte salget i brusbua.

Begge jentene hadde lyst å vera med begge dagane, og alle tre koste seg.

- Vi fekk med oss alle konsertane og fekk snakka med mange nye, koselege menneske. Det er kjekt vera ein del av et større felleskap når ein kan få muligheten til det. Og det var akkurat det vi fekk, med å vera ein av mange frivillige, seier Mari Anne.

Så fornøgd som ho er, ordar eg frampå om det vert tur til Festidalen også neste år.

- Eg skal i alle fall vera med seier, Mari Anne, og vi håpar verkeleg vi ser alle tre!

Alle 3 er godt kjent med frivillig arbeid frå tidlegare. Mari Anne har mellom anna vore frivillig mange år under Sildajazzen. Elles har ho mykje erfaring frå frivillig arbeid frå dei 20 åra ho budde i Asia. Då budde ho i Kina, Thailand, Pakistan, Nepal, Singapore, India og Indonesia. 10 av åra budde ho på Bali. Her er nok stoff til fleire saker på uskedalen.no.

Både ho og jentene har også erfaring frå frivillig arbeid frå fotballaget Djerv 1919 som dei var ein del av. Då hadde dei Gunn Soltveit, opphaveleg frå Rosendal, som trenar.

Det er svært kjekt at også folk som bur andre stader, er med som frivillige. Ekstra kjekt vert det når vi høyrer at dei også opplever det fine fellesskapet, og ønskjer å vera med seinare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Festidalen og privat